




FORTIDSMINNEFORENINGEN



Naturvernforbundet  
i Sogn og Fjordane

NORSK ORNITOLOGISK  
FORENING



Til kommunestyret og administrasjonen  
Lærdal kommune

Leikanger 12.08.2019

#### **Dette brevet vert sendt på vegne av:**

Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund, Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel, Hornelen kystlag, Indre Sogn Kystlag, Nordfjordbåtlaget, Kystkulturlaget i Vågsøy, og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.

#### **Diverse planar under arbeid i Lærdal kommune**

Vi viser til høyringar av konkrete planar, som vert publiserte på nettstaden til Lærdal kommune rett før oppstart av fellesferien. Desse er forvaltningsplan for Lærdalsvassdraget med høyringsfrist 12. august, reguleringsendring for Øyramarki; Losjehustomta og område rundt med høyringsfrist 13. august, reguleringsplan for ny golfbane på Ljøsne med høyringsfrist 13. august, og detaljregulering (endring) Hanseskogen bustadfelt med høyringsfrist 13. august.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar på fylkesnivå. Føremålet med FNF er å styrke arbeidet til organisasjonane med å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i dei enkelte fylka.

Høyringsperioden for desse planane overlappar fellesferien, og difor oppmodar vi til å utvide høyringsfristen monaleg. Fellesferien er den tida dei fleste avviklar sin hovudferie, men også ofte med ein variasjonsbredde frå midten av juni til midten av august. For frivillige

organisasjonar er det i praksis svært vanskeleg å arbeide med uttalar i tida frå ca. 1. juli - 15. august. Dei frivillige gjer dette arbeidet på fritida, og samordning av uttalar mellom medlemmar og organisasjonar lar seg ofte ikkje gjere i ferietida. I tillegg er bemanninga i organisasjonanes sekretariat / kontormessige verksemd sterkt redusert i skoleferien. Ein praksis med høyringar i ferietida råkar alle forvaltningsnivåa, men det råkar frivillige organisasjonar og privatpersonar hardast.

Grunnlaget for oppmodinga er plan- og bygningsloven (pbl.) § 11-14 om høyring av planforslag til kommuneplan, og § 12-10 om behandling av reguleringsplanforslag, knytt til fristen på 6 veker for å gi uttale og motsegn. I tillegg pbl. kapittel 5 om medverknad i planlegginga og rettleiaren "Medvirkning i planlegging".

### **Samarbeid om planlegging knytt til ansvaret kommunen har etter plan- og bygningsloven**

Vi ønsker med dette brevet å invitere kommunestyret og administrasjonen til samarbeid om planlegging etter plan- og bygningsloven, og gir her nokre generelle innspel til alle planar med bakgrunn i kommunestyrets oppgåver og ansvar for kommuneplanar og reguleringsplanar. Kjeldetilvisingar er oppgitt etter kvart i teksten eller som fotnotar.

FNF ønskjer å bidra til løysingar i miljøsaker kommunen har mynde og plikt til å løyse, både for å dekke grunnleggjande behov i lokalsamfunnet, og for at vi skal nå FN sine berekraftsmål<sup>1</sup> og 2030-agendaen<sup>2</sup>, som Noreg har vedteke som målsetting.

Ansvaret for planlegging ligg etter loven hos kommunestyra, regionale planmynde og Kongen, jfr. plan- og bygningsloven §§ 3-3 til 3-7. Kommunen spelar difor ei nøkkelrolle for at vi skal nå dei nasjonale miljømåla, ifølge miljøkommune.no<sup>3</sup>.

På det grunnlaget ber vi om at våre innspel her vert lagt til grunn for alle kommuneplanar, reguleringsplanar og forvaltningsplanar i det vidare arbeidet med planlegging. Vi oppmodar alle kommunar i Sogn og Fjordane til å gå føre som gode eksempel for samfunnsplanlegginga i Noreg.

### **Vår innstilling til kommuneplanar, reguleringsplanar og forvaltningsplanar**

Plan- og bygningsloven skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar, jfr. § 1-1 om føremålet til loven. FN sine berekraftsmål og 2030-agendaen er etablert for internasjonalt samarbeid om berekraftig samfunnsutvikling, og måla skal ein nå gjennom lokal planlegging i kvart enkelt land.

---

<sup>1</sup> <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

<sup>2</sup> [https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm\\_agenda2030/id2510974/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm_agenda2030/id2510974/)

<sup>3</sup> <http://www.miljokommune.no/>

Menneska sitt energiforbruk og arealendringar er hovudgrunnen til både klimaendringar og tap av biologisk mangfald. Arealendringar utgjer, ifølgje det internasjonale naturpanelet IPBES<sup>4</sup> og Miljødirektoratet<sup>5</sup>, det desidert største trugsmålet mot naturgrunnlaget og økosystemtenester, som til dømes reint vatn, rein luft, godt jordsmonn, mattryggleik og pollinering frå insekt og andre dyr.

Difor vil vi særleg minne om dei lokale erfaringane i 2017 og 2018, med både mykje nedbør og sterk tørke om kvarandre. Menneskeskapte klimaendringar og arealendringar trugar både naturgrunnlaget, friluftslivsinteressene og primærnæringane. Kunnskapsgrunnlaget tilseier at vi må planlegge ut i frå enda sterkare klimaendringar og redusere klimagassutsleppa våre. I tillegg må vi stoppe store arealendringar og restaurere natur, for å førebyggje ytterlegare tap av biologisk mangfald.

Nedafor syner vi til noko av kunnskapsgrunnlaget både om klimaendringar og arealendringar, rapportane til Riksrevisjonen om arealstatus og arealutvikling, og nokre utvalde punkt frå FN sine berekraftsmål. Til slutt i notatet peikar vi på eit vesentleg problem i fleire kommunar i Sogn og Fjordane, knytt til at private aktørar utarbeider reguleringsplanar, og våre erfaringar med det.

Vi ber kommunestyret og administrasjonen legge vekt på dette kunnskapsgrunnlaget i samfunnsplanlegginga, og ta ansvar for naturgrunnlaget og friluftslivsinteressene, slik at vi kan dekke grunnleggande behov lokalt også i framtida.

### **Kunnskapsgrunnlaget om klimaendringar og arealendringar**

Ifølgje FN sitt miljøprogram (2017)<sup>6</sup> er ein temperaturauke på minst tre gradar innan år 2100 svært sannsynleg, sjølv med full implementering av dei nasjonalt fastsette bidraga etter Parisavtalen.

Ifølgje WWF verdas naturfond (2018)<sup>7</sup> har vi globalt mista 60 prosent av det biologiske mangfaldet (virveldyr) berre dei siste 44 åra. Farten på utryddingar av artar er 100 til 1000 gongar høgare no, samanlikna med tida før våre arealendringar vart ein monaleg faktor.

---

<sup>4</sup> <https://www.ipbes.net/>

<sup>5</sup> <http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2018/Mars-2018/Naturen-i-Europa-i-sterk-tilbakegang--alle-deler-av-samfunnet-ma-ta-ansvar/>

<sup>6</sup> <https://www.unenvironment.org/news-and-stories/press-release/emissions-gap-report-2017-governments-non-state-actors-must-do-more>

<sup>7</sup> [https://wwf.panda.org/knowledge\\_hub/all\\_publications/living\\_planet\\_report\\_2018/](https://wwf.panda.org/knowledge_hub/all_publications/living_planet_report_2018/)

Ifølgje Artsdatabanken (2015)<sup>8</sup> er meir enn 4700 artar på eit eller anna vis truga av utrydding i Noreg, og ifølgje det internasjonale naturpanelet IPBES (2018)<sup>9</sup> har arealendringane som menneska står for starta den sjette masseutryddinga av artar i verda.

### **Rapportane til Riksrevisjonen om arealstatus og arealutvikling**

Riksrevisjonen konkluderte i 2007 med at arealstatusen og arealutviklinga i Noreg ikkje tek vare på viktige verdiar og prinsipp på fleire område, og at arealforvaltninga tvert om medverkar til nedbygging av område som skulle takast vare på. Mellom anna har dette negative konsekvensar for biologisk mangfald og friluftsliv<sup>10</sup>.

I 2011 påviste Riksrevisjonen, i si oppfølging av rapporten frå 2007, blant anna færre inngrepsfrie område, høgt press på snaufjellsområda og villreinområda, og fleire dispensasjonar i strandsona. Det var ikkje tilstrekkelege system for å kunne vise om måla for planlegginga var oppnådd, eller vise status og utvikling for areala. Det var heller ikkje dokumentert vesentlege effektar av tiltak sett inn etter at plan- og bygningsloven og naturmangfaldloven tok til å gjelde 1. juli 2009<sup>11</sup>.

### **FN sine bærekraftsmål og 2030-agendaen**

Her trekker vi fram nokre av FN sine bærekraftsmål, som grunnleggjande føresetnader for å ta vare på naturgrunnet og biosfæren:

#### **Mål 6 Rent vann og gode sanitærforhold**

- «Sikre bærekraftig vannforvaltning og tilgang til vann og gode sanitærforhold for alle»

#### **Mål 13 Stoppe klimaendringene**

- «Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem»

#### **Mål 14 Liv under vann**

- «Bevare og bruke hav og marine ressurser på en måte som fremmer bærekraftig utvikling»

#### **Mål 15 Liv på land**

- «Beskytte, gjenopprette og fremme bærekraftig bruk av økosystemer, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfold»

---

<sup>8</sup> <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste/AntallFastland>

<sup>9</sup> [https://www.ipbes.net/system/tdf/downloads/spm\\_2b\\_eca\\_digital\\_20180622.pdf?file=1&type=node&id=28318](https://www.ipbes.net/system/tdf/downloads/spm_2b_eca_digital_20180622.pdf?file=1&type=node&id=28318)

<sup>10</sup> <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter/sider/areal.aspx>

<sup>11</sup> <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter/Sider/Oppfolging2011.aspx>

## **Mål 16 Fred og rettferdighet**

- «Fremme fredelige og inkluderende samfunn med sikte på bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer»

## **Mål 17 Samarbeid for å nå målene**

- «Styrke gjennomføringsmidlene og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling»

## **Reguleringsplanar som vert utarbeidd av private aktørar og våre erfaringar**

Her peikar vi på eit vesentleg problem i fleire kommunar i Sogn og Fjordane, særleg knytt til miljøvernomsyn i reguleringsplanar. Jfr. kommunen sine oppgåver og mynde i planlegginga, etter kapittel 3 i plan- og bygningsloven (pbl), samt kapittel 5 om medverknad i planlegginga.

Vår erfaring er at enkelte kommunar ikkje oppfyller ansvaret sitt etter regelverket, når dei opnar for at private aktørar kan utarbeide reguleringsplanar, jfr. her pbl. § 12-2 om områderegulering og 12-3 om detaljregulering.

Vi minner om det ansvaret kommunen har både for å avgjere eventuell oppstart av reguleringsplanarbeid (pbl. § 12-8) og handsaming av reguleringsplanforslag (pbl. §§ 12-10 og 12-11), uavhengig om eit tiltak er føreslått av planmynda sjølv, eller om det er private reguleringsplanforslag. Ifølgje pbl. § 12-3 må private forslag følgje opp hovudtrekk og rammer i arealdelen til kommuneplanen og eksisterande områdereguleringar.

Kommunestyret kan avslå eit tiltak, enten ved å avslå oppstart av ein reguleringsplanprosess eller ved å avslå å fremme private reguleringsplanforslag, før forslaget vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, jfr. plan- og bygningsloven §§ 12-8 til og med 12-12.

FNF meiner kommunane bør leggje sterkare vekt på dette, slik at miljøvernomsyn og miljøsaker får prioritet etter regelverket og gjeldande kommuneplan, og sikrar medverknad i planprosessar.

## **Konklusjonar**

Basert på kunnskapsgrunnlaget er det tydeleg at vi ikkje kan halde fram med større arealendringar eller fragmentering av landskapet basert på bit-for-bit-utbygging. Ein bør leggje rapportane frå Riksrevisjonen til grunn, og kommunestyret og administrasjonen bør evaluere status i kommunen, slik at forvaltninga vert tilpassa regelverket og målsettingane for 2030-agendaen og FN sine berekraftsmål.

Kunnskapsgrunnlaget om klimaendringar og arealendringar, samt funna frå Riksrevisjonen i 2007 og 2011, bør forankrast tverrpolitisk i kommunestyret. Vi oppmodar kommunestyret og administrasjonen til å leggje vekt på denne kunnskapen både i pågåande planprosessar, og alle komande kommuneplanar og reguleringsplanar.

Organisasjonane i Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane har god kompetanse innan naturforvaltning, miljø og planlegging. Vi inviterer på dette grunnlaget kommunestyret og administrasjonen til samarbeid om planlegginga, for å sikre naturgrunnlaget, friluftslivsinteressene og primærnæringane.

Med venleg helsing for  
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF)

Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator

Svein-Magne Gjessing, fagkonsulent



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane  
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger  
Tel.: 480 20 532 Org.nr. 912 265 722  
[www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)  
[sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)